



Arkivsaknr: 2024/837-27
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår - gbnr 219/1 Vike

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene ifrå Vike Grendalag, datert 27.06.2024, og klage frå konsesjonshavar, Søren Helligsøe, datert 04.07.2024 i sak 2024/837, vert ikkje teke til følge.

Det delegerte vedtaket av 12.06.2024 vert oppretthalden med den presisering at vedtaket frå Statsforvaltaren er datert, 01.03.2022 (ikkje 01.03.2023):

«Med heimel i konsesjonslova § 11, jf. § 9 vert det gjeve avslag på søknad om lemping av konsesjonsvilkår.

Vilkåra slik det går fram av vedtak datert 01.03.2022 er gjeldande:

«Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruk- natur-og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigaren av gnr. 219, bnr. 2 som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene».»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. konsesjonslova § 11, jf. § 9.

SAKSUTGREIING

Administrativt saknr. 663/2024

Konsesjonslova: Lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår

Søknadstype: Søknad om lemping av konsesjonsvilkår

Eigedom: Gbnr. 219/1

Adresse: Midtneset 20 og 12, 5994 Vikanes

Konsesjonshavar/eigar: Søren Helligsøe med tinglyst heimel den 04.10.2023

Klagar: 1. Vike Grendalag v/styrets leiar, Rolf Mårstig
2. Konsesjonshavar, Søren Helligsøe, v/Advokatfirmaet Riise

Tilsvar: 1. Eigar av landbrukseigedom i drift – gbnr 219/2 – Torgeir Andvik med tinglyst heimel sidan 08.12.2019
2. Klagar nr. 2 har i sin klage også gjeve tilsvar til klage frå Vike Grendalag

Jordskifte om jaktrett på Vike: 06.02.2024 og 01.11.1974 – privatrettslege tilhøve (mellom private partar)

Saka gjeld klage på delegert vedtak, datert 12.06.2024, om klage på avslag på søknad om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår etter konsesjonslova. Konsesjonsvilkåret gjeld overdraging av areal samt rettar/pliktar frå gbnr 219/1 til gbnr 219/2, sjå vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland av 01.03.2022.

Omsøkt lemping (endring til gunst) er at «utmarken» skal overdragast til Vike Grendalag, der samtlige eigedomane på Vikanes er med. Dette inkluderer gbnr 219/1, men ikkje gbnr 219/2. Overdraginga til Grendalaget skal erstatte konsesjonsvilkåret slik det er fastslått i vedtak frå Statsforvaltaren, datert 01.03.2022. I klageomgangen er det fremja frå konsesjonshavar at vilkåret er ugyldig.

Saka vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 16.10.2024, der følgjande vedtak vart fatta:

«Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 16.10.2024:

Utvalget utsetter saken og ber administrasjon utrede om det er mulig at bruk 1 beholder jaktretten som dagens situasjon og kommer tilbake til dette i neste møte.»

Vurderingstema APM

Spørsmålet frå APM er om det er mogleg at bruk 1 beheld jaktretten som dagens situasjon. APM ønskjer avklaring frå administrasjonen (kommunedirektøren) om jaktrett for gbnr 219/1 skal fortsatt vere tillagt gbnr 219/1. Partar i klagesaka er gbnr 219/1, gbnr 219/2 og Grendalaget.

APM skal fatte vedtak i møte om klage på delegert av 12.06.2024, om avslag på søknad om lemping (endring til gunst) av konsesjonsvilkår etter konsesjonslova, skal takast til følge eller ikkje.

Definisjon jakt og jaktrett

Jakt er det å spore opp og felle (avlive) eller fange ville dyr og fuglar. Kommunedirektøren forstår det slik at på Vike er det særleg storviltjakt, i form av hjortejakt, som er aktuelt. Jaktrett er i utgangspunktet grunneigaren sin einerett til å drive jakt på sin eigedom, sjå definisjon i Store norske leksikon.

Saksgang etter APM 16.10.2024

Kommunen v/Landbruk kontakta Miljø og tilsyn etter APM vedtaket av 16.10.2024. Det lå føre jordskifte av 01.11.1974 som omhandlar jaktrett på gnr. 219 Vike. Jordskifte er privatrettslege tilhøve (mellom private paratar).

Kommunen hadde ikkje ein kopi av jordskiftesaka frå 1974. Kommunen v/ Miljø og tilsyn innhenta jordskifte av 01.11.1974 frå Statsarkivet i Bergen med fysisk oppmøte den 22.10.2024.

I skriv frå kommunen, datert 23.10.2024 er sakas parter gjeve ei utgreiing av jordskiftedom frå 01.11.1974 på gbnr 219/1 Vike som omhandlar jaktrett. Det vart gjeve frist for tilsvar innan 30.10.2024.

Det var mottatt rettidig tilsvar frå Grendalaget. Dei opplys at det ligg føre jordskiftedom av 06.02.2024 som omhandlar jaktrett på gnr. 219 Vike. Leiar for Grendalaget, Rolf Mårstig, leverte ein kopi av jordskiftedommen av 06.02.2024 til Miljø og tilsyn den 04.11.2024.

Jordskifte av 2024, jf. jordskifte av 1974

Viltlova av 1981 § 28 andre ledd første punktum:

«Jaktrett kan ikke skilles fra eiendommen for lengre tid enn 10 år om gangen, uten når jaktretten følger bruksretten til eiendommen»

Viltlova av 1981 § 28 andre ledd andre punktum:

«På jordskifte kan det allikevel bestemmes at jaktretten fortsatt skal være felles helt eller delvis.»

I vår sak ligg det føre privatrettsleg jordskiftesak frå 2024 som omhandlar jaktrett, jf. viltlova § 28 andre ledd andre punktum. Rekvirenten (den som kravde jordskifte) var gbnr 219/2. Øvrige paratar i jordskiftesaka var motparatar. Sakas parter ved jordskifte 2024 var gbnr 219/1, 219/2, 219/7, 219/8, 219/10, 219/11 og 219/17.

Då det ligg føre jordskiftesak om jaktrett frå 2024, så kan ikkje spørsmålet om å skilje frå jaktrett frå eigedomen handsamast av kommunen, jf. viltlova § 28 andre ledd. I vår sak må vi sjå på kva jordskifteretten av 2024 har bestemt om jaktrettar på gnr. 219 Vik.

På side 4 under «Jordskifteretten si vurdering» i jordskifte av 06.02.2024, så vert det sagt følgjande:

Twisten som jordskifteretten skal ta stilling til gjeld i utgangspunktet jakt og beite i to områder, heimeutmarka og fjellutmarka. Desse rettane føl i utgangspunktet grunneigedomsretten, der ikkje anna er sagt.


Kommunen forstår jordskiftedommen slik at jaktrettar føl i utgangspunktet eigedomen uavhengig om dei er tinglyst eller ikkje. Aktuelle situasjonar kan vere frådelling, samanslåing eller overføring av areal.

Jordskifte av 06.02.2024 henviser innleiingsvis til jordskifte av 01.11.1974 med tilhøyrande kart:

Her er formuleringa i jordskiftet, s. 120 i dokumentutdraget, i kapittel 7. Jakt og fiske:
All jakt innan jordskiftefeltet er urørd av saka og er sams som før.

Rekvirenten viser til at ordet sams kan bety, likt som før. Dei andre meiner det betyr felles som før. Dei er alle enige om at jakta er urørd av utskiftinga og er som før. Motpartane meiner at sams som før må bety at den er sams for alle partane. Jordskifteretten er samd med motpartane at sams betyr at jakta ligg i fellesskap, som den gjorde før, men utan at det må bety at den er felles for alle partar. Det vil også vere rett å sei felles som før, sjølv om det berre var bnr. 1 og 2 som hadde felles jakt før og etter utskiftinga. Nedanfor er det også tatt med eit utsnitt frå jordskiftekartet som vart lagt fram i denne saka. Med utgangspunkt i vanleg tolking av slike kart visast før-situasjonen med opne litera og bruksrettsgrenser, som tyder på at det var bruksrettsteigar før jordskifte, her truleg skogteigar. Etter-situasjonen er vist med lukka litera og eigedomsgrenser. Jordskifteretten meiner at jakta må ha vore felles før utskiftinga og såleis, uansett tolking, er felles etterpå. Felles for dei som hadde jaktrett.

For bruka frådelt bnr. 1 er såleis jakta felles, også i det utskifta område, med same høvetal som i fjellutmarka.



Jordskiftesaka av 06.02.2024 synleggjer at det er teke stilling til korleis jaktrettar skal vere mellom partane. Kommunen skal difor ikkje ta stilling til jaktrettar då dette er avklart i jordskiftesaka av 06.02.2024, jf. jordskiftesaka frå 01.11.1974. Kommunen og partane må forhalda seg til jordskiftedommen frå 2024, jf. 1974, om jaktrett mellom partane, inkludert gbnr 219/1 og 219/2.

Dersom det er uklart kva jordskifte av 06.02.2024 inneber, må dei private partane sjølve kontakte jordskifteretten for nærare avklaring. Kommunen skal ikkje tolke eller endre dei rettane som følgjer av jordskiftesaka. Kommunen skal heller ikkje fatte vedtak som endrar det jordskifteretten har bestemt.

Vidare viser to jordskiftesaker frå 2024 og 1974 at jaktrettar er eit omstridt tema mellom partane. Dette tilseier at vidare avklaring av jaktrettar må avklarast rettsleg.

Konsesjonslova – føremål og vilkår

Føremålet med konsesjonslova er å sikre at konsesjon vert gjeven til ein skikka konsesjonshavar «for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet ...», jf. [konsesjonslova § 1](https://lovdata.no/lov/2003-11-28-98/§11)<https://lovdata.no/lov/2003-11-28-98/§11>. Landbruksnæringa er eit av omsyna som kan tilgodesjåast etter ei konkret heilskapleg vurdering. Det kan også settast vilkår for konsesjon som fremjar de føremål som konsesjonslova skal tilgodesjå, jf. [konsesjonslova § 11](https://lovdata.no/lov/2003-11-28-98/§11).

Ytterlegare saksopplysningar

Sjå saksframlegget med vedtak frå APM av 16.10.2024 samt jordskifte av 2024 og 01.11.1974.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagen ikkje vert tatt til følgje.

Viltforskrifta § 3-5 andre ledd

Kommunedirektøren ønskjer kort å orientere om at viltforskrifta § 3-5 andre ledd er under fortløpande vurdering for kommunalt uttak av vilt som utgjer ei fare for trafikkantar på E-39. Landbruk opplys at det ikkje har vore jakta på hjort på Vike på 3 sesongar. Dette gir ei uønska auke i tal hjort på ca. 50-60 dyr med stort skadepotensiale for trafikkantar på E-39.

GENERELL INFORMASJON

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre

særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.

- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Klage på avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår etter konsesjonslova - gbnr 219/1 Vike
- 2 APM saksframlegg med vedtak 10.11.2021 og 01.09.2021 - gbnr 219_1 Vike
- 3 Avgjerd i klagesak som gjeld konsesjon - gbnr 219 1 Vike (L)(652719)
- 4 Saksframlegg med vedtak
- 5 Tilbakemelding - gbnr 219/1 - søknad om endring av konsesjonsvilkår
- 6 Adv. Rieck, brev av 16.02.2024.pdf

- 7 Avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår gbnr. 219/1 Vike i Alver kommune
- 8 Merknader til grunngjevinga for benkeforslaget
- 9 Skriv juni 2024.docx
- 10 Konsesjon vike camping - Søren Helligsøe
- 11 2024-07-04- Alver kommune konsesjon klage.pdf
- 12 Stadfesting på motteken klage gbnr. 219/1
- 13 Konsesjon gbnr. 219/1. Vedlagt klage på vedtak for dykkar eventuelle kommentarar
- 14 Kommentar til konsesjonsvilkår - e-post, datert 21.07.2024
- 15 Kommentar konsesjon vilkår, datert 21.07.2024 - innhald - gbnr 219_1 Vike
- 16 Svar på førespurnad om status for sak 2024/837 – gbnr 219/1 Vike
- 17 Vedlegg historikk konsesjon gnr 219 bnr 1 Vike
- 18 Skriv frå Statsforvaltaren i Vestland, datert 18.01.2024
- 19 Melding om utsatt sak i Utval for areal, plan og miljø og frist for tilsvaer for sakas parter - gbnr 219/1 Vike
- 20 Saksframlegg med vedtak
- 21 Jordskifte 01.11.974 - Vike
- 22 1290-1962-0014-KART-123841-002
- 23 1290-1962-0014-KART-123841-003
- 24 KA10071110190022
- 25 Tilsvaer til konsesjonssaka på Vike - gbnr 219/1 Vike
- 26 Til Alver kommune ved Furustøl og Berntsen 1.docx
- 27 Til Alver kommune ved Furustøl og Berntsen 2.docx
- 28 Forslag til organisering jakt Vike grendalag september 2024 frå Andvik.docx
- 29 Merknader til Torgeir sitt skriv til konsesjonssaka på Vike.docx
- 30 Jordskifte av 06.02.2024